




SYSKEN MED SAME HOBBY: Kåre Kvamsdal, Sonja Hunderi, Arne Kvamsdal og Laila Kvamsdal Skilbrei er alle bridge-entusiaster.



STORSKJERM: I pausen blir mellombelse resultat studert.



LANGVEGS FRÅ: Jan Tore Haug (Årdal), Dag Eriksen (Ski), Svein Ålvik (Årdal) og Ellen Skjæveland (Grimstad) på bord 16 før pause.



KONTROLL PÅ TEKNIKKEN: Kai Lille-Homb får resultatene kjapt inn med nytt og moderne utstyr.

Gode kort på hand for 70-åring

■ Turnering med spelarar frå heile landet ■ Meir interessant med ny teknologi



BRIDGEKLUBB: Stillheita rår under turneringar. Arne Håkon Laberg vart saman med makker Henrik Rønningen beste årdalsparet i jubileumsturneringa.

ÅRDAL: Store investeringar og grei rekruttering gjer at Årdal bridgeklubb feirar 70-årsjubileum med friskt mot.

– Me har visse utfordringar i høve nedgang i interessa. Men no har me bra med aktivitet og håpar veksa ved hjelp av kursing og klubbkveldar, seier Arne Håkon Laberg.

80 spelarar

Leiaren i Årdal bridgeklubb tok laurdag i mot 80 spelarar frå store delar av landet for å feira sju tiår med det som blir kalla det ultimate kortspelet. Nye tekniske løysingar og stabile medlemstal gjer at han ser positivt på framtida.

Laberg nemner at bridge var reine folkesporten i Årdal for nokre tiår tilbake. I dag er det 35 aktive i klubben, som treffest til spel kvar tysdag. Rekrutteringa blir jobba aktivt med.

– Me har køyrt eit kurs og skal

ha eit nytt i september. Så har me ulike tiltak mot spelarar som har spelt før i fredagsbridge.

Heilt frå Grimstad

Før pause sit Jan Tore Haug og Svein Ålvik, begge Årdal, på bord med Dag Eriksen frå Ski og Ellen Skjæveland.

Langvegsfarande begge sistnemnde og Skjæveland har reist heilt frå Grimstad for å delta. – Eg treffe Henrik Rønningen på Tenerife og blei tipsa om dette. Eg er her fordi bridge er gøy, seier ho.

Langvegsfrå

– Klubben annonserer turnering på nettsida til norsk bridgeforbund. Alle spelarar melder seg på med makker, og det er ikkje uvanleg at mange kjem langvegsfrå, seier turneringsleiar Kai Lille-Homb.

Han er tilknytt Sogndal bridgeklubb og tok turen over fjorden for å styra mellom anna teknikk-ken.

Laberg er glad for at såpass

mange spelarar har valt å bruka helga i Årdal. Tynset, Svolvær, Fagernes og Os er mellom heimstadsadressene til spelarane.

– Det er vanleg med ein del tilreisande på turneringar, men å reisa så langt for ei kort helg er ganske imponerende, tykkjer han.

Han seier det er lenge sidan det har vore ei så stor turnering i Årdal.

– Eg har berre spelt i fire og då har det ikkje vore turnering av dette formatet. Her brukar det vara Sunder Resirk-turnering i desember, der pleier det vera rundt 14 par, seier Laberg.

Meir interessant

Over ein fireårsperiode har klubben investert over 180.000 kroner på utstyr. Kortstokkemaskin er på plass, det same er full elektronikk ved kvart bord. Det gjer at spelarane får løpande resultatsservice på storskjerm slik at dei kan følgja med på korleis dei ligg an i

staden for å venta heilt til slutt med å få resultatet. Dette kan vekkjia konkurranseinstinktet.

– Slik får me opp resultatene kjapt etter ein runde. Før spelte ein heile turneringar utan å få noko resultat før heilt til slutt, seier Lille-Homb.

Familiehobby

Medan dei fleste legg opp anna idrettskarriere i løpet av livet, er bridge ein hobby ein kan ha for livet. Det gjeld i høgste grad for syskena Kvamsdal. For dei vart jubileumsturneringa reine familietreffet.

Alle fem spelar og fire av dei var til stades på turneringa.

– Foreldra våre spelte begge to, det var ein stor hobby for dei. Brørne våre, Leif og Kåre, byrja spela først og seinare har eg blitt rekruttert inn, seier Arve Kvamsdal.

Han meiner bridge er for alle, systrene hans, Sonja Kvamsdal Skilbrei og Sonja Hunderi brukar å vera par.

– Det skal ikkje så mykje til

for å spela, ein kan gjera det enkelt. Men det er lurt å ha ein makker ein er kjent med, seier han.

Lufelige lokale

Jubileumsturneringa gjekk føre seg i eit godt oppfylt Samhold. Her rår ein eigen atmosfære. Det er over 80 personar i lokalet, men nesten heilt stille.

For ein utanforståande er det lett å forstå at her rår det konsentrasjon. Litt småprat og latter er tydelegvis innanfor, elles er det ganske så lydlaust.

Lille-Homb, som ofte er turneringsleiar i fylket, meiner lokalet eignar seg godt.

– Det er høgt under taket og god luft.

Fjør i hatten

Laberg dreg fram slagordet «bridge er lett å læra, men ein blir aldri utlært».

For klubleiaren fekk turneringa ein ekstra dimensjon, han og makker Henrik Rønningen vart beste årdalspar med 15.



BESTE PLASSERING: Henrik Rønningen stilte i t-skjorte med bridgeklubbens logo. Han og klubleiaren Arne Håkon Laberg vart beste årdalspar i turneringa.

plass.

Vinnarar vart Asbjørn Rust og Ola Magne Kirkebøen frå Gol BK, medan Arve Bjørn Rønneid, Gaupne BL og John Inge Fredheim, Hafslø/Solvorn BK sikra andrelassen framfor

nok eit lokalt par, Hans Herman Kalhagen, Gaupne BL og Jonny Gjerde Skjolden BK.